



201001976-72
312
KU/JFJ

Norges Vassdrags og energidirektorat
Postboks 5091 Maj.

0301 OSLO

Vår ref.
10/1691-22/N-548//KJHE

Dykkar ref.

Dato:
19.12.2012

Øystesevassdraget - uttale til høyring om søknad frå BKK Produksjon AS om konsesjon til å overføra vatn frå Vossadalsvatnet til Samnangervassdraget

Uttale frå Kvam heradsstyre vedteke 18. desember 2012

142/12: ØYSTESEVASSDRAGET - UTTALE TIL HØYRING OM SØKNAD FRÅ BKK PRODUKSJON AS OM KONSESJON TIL Å OVERFØRA VATN FRÅ VOSSADALSVATNET TIL SAMNANGERVASSDRAGET


HST-142/12 Vedtak:

Heradsstyret har gjort ein brei vurdering av søknaden frå BKK Produksjon AS om konsesjon for å overføra vatn frå Vossadalsvatnet til Samnangervassdraget. Ein konsesjon vil bli gitt på uavgrensa tid, og dei naturinngrep som vil følgja med ei utbygging vil vera av varig karakter. Det er difor heradsstyret si plikt å gjera ein avveging i eit langsiktig perspektiv av dei samla fordelar og ulemper ved utbygginga som det er søkt om.

1. Vossadalen og området rundt er eit svært verdifullt tur- og rekreasjonsområde for innbyggjarane i Hordaland og eit av dei siste områda i Kvam der det til no ikkje er gjort tekniske inngrep (INON-område).
 - a. Kvam heradsstyre ynskjer ikkje at det vert ført vatn ut av vassdraget.
 - b. Dei verdiane som vert tilført lokalsamfunnet, etter ei eventuell utbygging, er for små i høve til naturverdiane tiltaket legg beslag på for etterslekta.
 - c. Kvam heradsstyre minner også om at heradsstyret tidlegare har gitt klare uttalar mot utbygging av øvre deler av vassdraget.
 - d. Kvam heradsstyre går difor imot søknaden frå BKK Produksjon AS om løyvet til å overføra vatn frå Vossadalsvatnet til Samnangervassdraget.

2. Dersom det likevel vert gjeve konsesjon:
 - a. Må det gjerast ei grundig og uavhengig vurdering av kva som vil vera forsvarleg minstevassføring for å kunna ta vare på truga planter nedanfor dammen nedstraums Vossadalsvatnet. Minstevassføringa må vera større enn det som er søkt om.
 - b. Må effekten av redusert tilførsle av ferskvatn til Hardangerfjorden greiast fullt ut før konsesjon vert gitt.
 - c. Må effekten av redusert sommarvassføring for oppleving og naturmiljø greiast fullt ut før konsesjon vert gitt.
3. Dersom det vert gjeve konsesjon, vil Kvam heradsstyre aksepterer tilbodet frå BKK om økonomisk kompensasjon på 6 mill. kr. Kompensasjonen er i samsvar med tilbod frå BKK og lagt ved denne saka.
4. Kvam herad stiller seg negativ til at vassmengda i Øystesevassdraget vert redusert, då det vil påvirka vassutskifting ved kloakkrenseanlegget for Kvam herad

Med helsing



Kjell Helvik
Seniorrådgjevar